



Atle Herfinn Syslak
Grønfjellet 75
5955 Lindås

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/4505 - 22/56610

Sakshandsamar:
Svein Arne Vagane

Dato:
12.07.2022

Avslag på søknad om frådelling av nausttomt og naust etter jordlova på gbnr. 110/2 Syslak

Administrativt vedtak: Saknr: 22/4505
Tiltak:
Eigedom: Gbnr: 110/2

Vedtak

Alver kommune gjev ikkje samtykke til frådelling av nausttomt med påståande naust på gnr. 110, bnr. 2 Syslak i Alver kommune. Vedtaket har heimel i jordlova § 1 og 12.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket vert oversendt avdeling for plan og byggesak og inngår i vurdering av dispensasjon.

Saksutgreiing

Atle og Norvald Syslak søker om å få dele i frå ei tomt med påståande naust frå eigedomen gnr. 110, bnr. 2 Syslak. Tiltakshavarane er arvingar etter heimelshavar – Hilda Bergit Syslak.

Planstatus/gardskart:

Naustet ligg i eit ikkje regulert område og er sett av til LNF-formål i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Arealet ligg innanfor byggje- og delingsforbodet langs sjø etter pbl. § 1-8. Delar av tomte ligg innanfor bandleggingssone H_740 – høgspenningsanlegg. Nausttomta som er søkt delt frå hovudbruket er på om lag 90m².

Gnr. 110, bnr. 2 har fylgjande areal jf gardskartet:

16 daa fulldyrka jord

4,7 daa overflate dyrka jord

91,1 daa innmarksbeite

11,6 daa produktiv skog

103 daa anna areal

Vurdering

Søknaden er vurdert i høve til jordlova § 12 og rundskriv M-2/2021 - Driveplikt, omdisponering og deling frå landbruks og matdepartementet.

Grunngjevinga for søknaden er oppgjeve med at dei ynskjer å eige nausttomta/naustet saman. Vidare er det oppgjeve at tomte er ueigna for landbruk/beiteområde. Dette då tomte er av berg som skrår ned mot sjøen og er dels utsprengt i fjell. Det er fleire naust i området og nausttomta vil ikkje vere til sjenanse verken for dei andre nausta eller for felle opplagsplass nordvest for naustet.

Nausttomta ligg som ein eigen parsell i høve resten av eignedomen. Frå tunet på garden er det om lag 650 m langs veg og deretter ca 175 m langs sti fram til naustet.

Etter § 12 i jordlova skal det ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast,» *leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova».*

Vurderinga i høve landbruksinteressene er tufta på innhaldet i jordlova § 1 – føremålsparagrafen – som har fylgjande ordlyd:

«§ 1.Føremål

Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.»

Omgrepet «arealressursane» er sentralt i jordlova § 1 og i § 12. Arealressursane på ein landbrukseigedom femnar om alt som høyrer til den faste eignedomen på eit bruk. Bygningar som høyrer til bruket slik som bustad, stølshus og naust som i dette tilfellet fell altså inn under ressursgrunnlaget til bruket.

Ved spørsmålet om frådelling må ein altså leggje vekt på langt meir enn sjølv arealet naustet står på og kva innverknad ei frådelling får for ressursgrunnlaget på bruket totalt sett og på lang sikt.

Frå gammalt av var kombinasjonsbruk landbruk/fiske vanleg i kystnære strom. Eit naust var slik sett avgjerande viktig for ressursgrunnlaget på bruket. Vi meiner det er tvillaust at tilgangen til eit naust framleis vil vere viktig for det totale ressursgrunnlaget for bruket. Dette taler frå å kome søknaden i møte.

At det er arvingar som vil overta nausttomta med påståande naust, er eit omsyn kommunen ikkje kan leggje nemneverdig vekt på. Det er bruket sine interesser, både kort- og langsiktig, kommunen skal sikre. Skulle ein dele i frå nausttomta, har ein ingen garanti for at naustet ikkje vert selt i framtida, eventuelt at sjølv bruket vert selt utan nausttomta. Ei frådelling vil, trass i at det per i dag er tenkt å vere i familien sitt eige, såleis redusere, i alle fall på sikt, ressursane på bruket og dermed vera ei driftsmessig dårleg løysing. Slik sett vil framtidige generasjonar sine behov for å ha tilkomst til sjø verta svekka dersom naustet vert frådelt garden.

Konklusjon

Ut i frå ei samla vurdering er vi kome fram til at søknaden om frådelling av nausttomt med påståande naust ikkje kan komast i møte.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delebertsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/4505

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vagane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune
Atle Herfinn Syslak
Norvald Syslak

Grønfjellet 75
Skornesvegen 73

5955 Lindås
5955 Lindås